



Statens vegvesen

Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
19/108992-2

Dykkar referanse:
14/1857 – 19/14766

Vår dato:
21.06.2019

Merknad med motsegn – reguleringsplan for Bruvoll bustadområde – planID 1262-201310 – Lindås kommune

Vi viser til offentlig ettersyn av reguleringsplan for Bruvoll bustadområde, planID 1262_201310 i Lindås kommune. Høyringsfrist for planforslaget er 5.juli 2019.

Statens vegvesen skal sørge for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. I denne planen uttaler vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport, medrekna trafikktryggleik, og som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen.

Statens vegvesen vurderer at våre interesser ikkje er ivaretekne i planen slik den ligg føre i planframlegget. Trafikktrygg tilkomst er ikkje tilstrekkeleg vurdert i planforslaget, og siktkrava er ikkje tilstrekkelege. Planforslaget ivaretek ikkje trafikktryggleiken i stor nok grad.

Våre motsegn er knytt til vår rolle som statleg fagmynde med sektoransvar for trafikktryggleik og framkomst. Statens vegvesen rår til at Fylkesmannen i Hordaland fremjar motsegn til planen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081


Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Føremål med reguleringsplanen

Føremålet med reguleringsplanen er at tiltakshavar ønskjer å leggje til rette for bustader med tilhøyrande anlegg.

I planforslaget legg ein til rette for 28 bueiningar fordelt på austsida og vestsida av fv. 57 ved kryss med Hundvinsvegen, samt veganlegg, leikeareal og parkering ved kryss med fylkesvegen.



Føringar for planarbeidet

Både nasjonalt og lokalt er det eit overordna mål om færre alvorlege trafikkulykker. Statens vegvesen har ein visjon om null hardt skadde eller drepne i vegtrafikken, og trafikktryggleik ligg såleis til grunn i alt arbeidet vi gjer. Vegnormalen (mellom anna N100 Veg- og gateutforming) er heimla i vegloven § 13, og er ein del av det regelverket som skal ivareta slike interesser. Trafikktryggleik og framkomst for alle trafikantgrupper ligg til grunn for dei tekniske krava våre handbøker gir ei oversikt over.

Om fylkesveg 57

Fylkesveg 57 i Lindås kommune er ein viktig fylkesveg med regional funksjon og ein overordna lokal funksjon på vegnettet. Vegen fører nordover mot industristaden Mongstad og har høg del tungtransport. Det er eit mål å unngå randbusetnad som kan bygge ned transportfunksjonen på denne delen av vegnettet. Vegen er også omkøyringsveg for del av E39.

Fylkesvegen er ein ulukkesutsatt strekning. Statens vegvesen er opptatt av at utbyggingar ikkje skal medføre auka ulukkesrisiko på strekninga, og har difor bedt om at ein i planarbeidet må vurdere tilkomsten til området. Dette gjeld både køyretilkomst frå fv. 57 til planområdet, tilkomst for gåande og syklende og teknisk tilstand på bru til austre del av planområdet.

Planprosessen

Planarbeidet vart varsla i desember 2013. I vår uttale til planarbeidet skreiv vi mellom anna:

«Som det går fram av vår mail av 09.12.13 ønsker vi at utbyggingsområdet løses ut via eksisterende bru over fylkesveg 57 og vidare frem til eksisterende kryss med fylkesvegen. Denne adkomsten vil være felles med Bruvoll camping og det er derfor aktuelt at behov for oppgradering av denne forbindelsen blir vurdert som del av planarbeidet for begge reguleringsplanene.»

Etter det vi kan sjå har det ikkje vore vidare dialog med Statens vegvesen om trafikale vurderingar eller løysingar i planarbeidet. Etter vårt syn er det uheldig at planframlegget ikkje er diskutert med Statens vegvesen etter oppstart, spesielt ettersom det har gått lang tid siden oppstart, og fordi det går ein viktig hovudveg gjennom planområdet.

Merknader til planforslaget

Statens vegvesen kan ikkje sjå at ein i planarbeidet har vurdert tilkomsten og trafikale konsekvenser av tiltaka i planforslaget. Etter vår vurdering må ein i planforslaget vurdere trong for kryssutbedring i kryss mellom fv. 57 og kommunal veg Hundvinsvegen.

Geometrien i krysset er ikkje i samsvar med handbok N100 Veg- og gateutforming, verken når det gjeld horisontal- eller vertikalgeometri. Vi saknar at ein i planarbeidet gjer ein vurdering av tilhøva, som grunnlag for å vurdere om krysset toler auka trafikk utan konsekvenser for trafikktryggleiken, eller om det må gjerast tiltak i krysset for å sikre trafikktryggleiken. Vi vurderer dette som ein vesentleg mangel, og fremmar difor motsegn til planforslaget. Det må påreknast rekkefølgekrav for naudsynte trafikktryggingstiltak.

Vidare kan vi ikkje sjå at tiltakshaver har vurdert tilstand på brua over fv. 57, og om denne toler auka trafikk. Vi ber om at ein i utgreiinga også vurderer om brua toler trafikken i anleggsperioden, ettersom det må vere ein føresetnad for utbygginga. Ein kan ikkje pårekne direkte tilkomst frå fv. 57 til planområdet på austsida av fylkesvegen.

I framlegg til reguleringsplan er frisiktkravet i kryss mellom fv. 57 og Hundvinsvegen sett vesentleg lågare enn krava i handbok N100. Med tanke på ulukkessituasjonen på strekinga, reelt fartsnivå, tungtrafikkdelen og nærliggjande tunnel kan vi ikkje akseptere at ein reduserar krava til frisikt i kryssområdet. Statens vegvesen fremjar difor motsegn mot frisiktkravet i plankartet slik det føreligg. Minimumskravet til frisikt må vere 10 meter x 72 meter.

I reguleringsplanen er det sett av areal til fortau langs boligvegen på austsida av fv. 57. Statens vegvesen saknar eit samanhengande gangtilbod langs vegen heilt fram til fv. 57. Etter vårt syn må ein minimum regulere fortau også langs f_SKV3.

Statens vegvesen har i oppstartsfasen akseptert ein byggjegrænse på 30 meter frå vegmidte. I plankartet er deler av f_BRE1, f_SKV1 og f_BLK1 innanfor denne byggjegrænse, i tillegg til støyttiltak for leikeplass f_BLK1. Vi ber om at dette vert endra slik at tiltaka ligg utanfor byggjegrænse mot veg.

Ved busshaldeplassane må det settast av areal til busskur i bakkant av fortauet.

Det er eit stort område som har tilkomst via kommunal veg Hundvinsvegen, o_SKV2. Statens vegvesen ber om at ein i planarbeidet sett av areal til framtidig fortau langs vegen innanfor planområdet, for å sikre trygg ferdsle til busstopp ved fylkesvegen. Byggjegrensa langs den kommunale vegen bør ta høgde for framtidig fortau.

Støy

Planområdet ligg nær opp til fv. 57, og er påverka av støy frå fylkesvegen. Vi legg til grunn at føresegn om støy i kommuneplanens arealdel vert fulgt i saka. For Statens vegvesen er det særleg viktig at føresegna om støynivå på uteopphaldsareal, krav knytt til stille side, planløyising, balansert ventilasjon, solskjerming og kjøling vert fulgt opp. Vi stiller spørsmål ved om ein oppnår god bukvalitet i området når ein legg til rette for bustader så nær ein av hovudvegane i kommunen.

Konklusjon

Planframlegget tilfredsstillar ikkje nasjonale interesser når det gjeld trafikktryggleik. Trafikale løysingar er ikkje tilstrekkeleg utgreidd, og siktkrava er ikkje tilstrekkelege til å ivareta trafikktrygg framkomst. Statens vegvesen fremjar difor motsegn til planen, i lys av vår rolle som fagmynde for trafikktryggleik og framkomst, og som forvaltar av fylkesvegnettet.

Statens vegvesen ber om at ein i det vidare planarbeidet legg til rette for ein dialog som sikrar at dei regulerte løysingane er gjennomarbeidd og gir tilfredsstillande trafikktryggleik for både mjuke trafikantar og køyrande. Vidare må ein sikre at brua til austre del av planområdet er dimensjonert for trafikkauken.

Vegavdeling Hordaland
Med helsing

Helge Eidsnes
regionvegsjef

Grethe Vikane
avdelingsdirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ